



Bygg Prosjekt AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4301 - 15/36213

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

27.11.2015

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 134/471 - Hilland bustad 26-29

Teknisk drift syner til brev datert 28.10.2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (bustad på tomt 29) og offentleg leidningsnett skal være minimum 2,7m.
- Tiltaket skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av tiltak under arbeid på kommunalteknisk anlegg. Tiltak skal være fundamentert under botn leidningsnett og på fast fjell der dette er muleg.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (leidningsnett, kummer etc). Dersom skade oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen ivedkommande. Eigar av tiltak (bustad på tomt 29) må sjølv sørge for og påkoste utbetring av disse.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift har heimel til å setje krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved avdelingsleiar
VA

Mottakarar:
Bygg Prosjekt AS